



Majo Eiendom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3443 - 16/32201

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2016

Svar på søknad om avkjørsel frå kommunal veg Gbnr 137/753 Nedre Mangerbua saknr: 16/3443

Teknisk drift syner til e-post av 23.11.2016 vedkomande søknad om løyve til å flytte eksisterande avkjørsle – gbnr 137/753 Nedre Mangerbua.

Vedtak

Teknisk drift har vurdert søknaden og gjev løyve til å flytte eksisterande avkjørsle under føresetnad om at følgjande vilkår (standard krav) vert stetta:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «almennelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Svingradius i avkjørsle skal være minimum 3.0 meter. Svingradius definerer avkjørsle og areal som omfattar svingradius skal være opparbeida som grøfteareal. Grøfteareal skal være opparbeida iht gjeldande regelverk.
- Eksisterande mur må flyttast slik at denne kjem utanfor avkjørsle si siktsone. I siktsone må mur vere under 0,5m høg for å unngå krav om sikring. Det må ligge føre dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett for mur dersom denne kjem nærare offentleg leidningsnett enn 4,0 meter.
- Under avkjørsle skal det leggjast ned dreneringsrør med ei diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



- Avkjørsla skal være plassert som vist på vedlagt situasjonskart datert 17.10.16.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på www.lovdato.no og www.vegvesen.no
- Veglys kjem i konflikt med plassering av ny avkjørsle. Veglys må flyttast for eigen rekning.
- Eksisterande avkjørsla skal fysisk stengast slik at denne ikkje kan nyttast som tilkomstveg til bustad. Kommunal grøft skal tilbakeførast iht til gjeldande regelverk.

Vi gjer merksam på at løvye til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging av avkjørsle treng eget løvye frå byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løvye berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

D1 Kjetil Fjellanger garasje situasjonsplan 171016 (L)(210781)

Kopi til:

Eilin Houlison Molvik
Kjetil Eikefet

Mottakrar:

Majo Eiendom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ